

Elevbedrift.

Interpretasjon og geoturisme.



Entreprenørskap i skule og lokalsamfunn 15 stp. 2006/-07

Høgskulen i Sogn og Fjordane Avdeling for Lærarutdanning og Idrett.

Prosjektoppgåve for Svein Hjelmeset

hjelmesets@hotmail.com

Innhaldsliste

Grunnlaget vert lagt for elevbedrift ved skulen vår	s. 1
Elevbedrift ved vår eigen skule og satsing på fylkesnivå	s. 2
”Se mulighetene og gjør noe med dem”	s. 4
Fjellatlasprosjektet resulterte i elevbedrift.	s. 6
Natur, kultur og media EB	s. 7
Støttespelarar	s. 8
Nye nisjer i elevbedrifta	s. 10
Geoturisme, interpretasjon og internasjonalisering	s. 12
Publisering av stoffet vårt	s. 14
”Interpretasjonsformidling av opplevelser”	s. 15
Bygging av fugleobservasjonstårn	s. 16
Bedriftsmesse	s. 20

Det ligg og nokre nettadresser inne i teksten

Bilda på framsida: øverst finn du logoen til elevbedrifta, bilde nr 2 er eit parti ved

Støylvastølen, elevteikning av grevling, snøull, Gloppefjorden, elevteikning av spurvehauk og gråsisik, gamle Gimmestad kyrkje finn du nederst.



Molte

Forord.

Etter meir enn 35 år i ungdomsskulen, har eg vore gjennom mange endringar i korleis vi best kunne formidle lærestoffet til elevane. L-97 ville at vi skulle bruke mykje prosjektarbeid der prosess, samarbeid, produkt og framføring var stikkord som skulle sikre at elevane lærte stoffet på ein god måte. Trass i desse forsøka - der elevane kom seg ut i lokalmiljøet og henta stoff til arbeidet sitt, vart produkt og framføring knytt til den tradisjonelle arenaen – skulen, si eiga klasse eller ei mindre gruppe. Alle som har vore bort i denne læringsstrategien, veit mykje om fordelar og ulemper ved prosjektarbeid.

Entreprenørskap står sterkt i Sogn og Fjordane, og moglegheitene er større enn ved prosjektarbeid, sjølv om ein kan finne like element i begge undervisningsformene. For ungdomstrinnet ligg det godt til rette for å drive med elevbedrift, spesielt om elevane på barnetrinnet har fått innføring i REAL-materiellet.

Ved Gloppen ungdomsskule driv vi elevbedrift på 3. året. "Natur, kultur og media EB" , som bedrifta heiter, har jobba ein del i same gata som Eli – Grete Høyvik skriv om i masteroppgåva si (På skattejakt i bygde- Norge) "*Eg har tru på å grave etter lokale "skattar" og syne fram desse som del av staden sin essens, i staden for å kopiere nabobygda eller nærmaste by*". Ho seier og at dette nærmar seg interpretasjonsplanlegging.

Mitt fokus har vore å få med flest mulig fag, presentasjon også utanfor klasserommet og i større fora enn berre lokalsamfunnet. Vara vi produserer har vi greidd å selje i fleire former. Same stoffet har vi selt som avisartikkel, foldar, CD, hefte, kalender og krus. Stoffet ligg også som eit lager inne på nettsida www.geoatlas.no . Her er det tilgjengeleg til ei kvar tid. Vi jobbar som eit team der elevane kjem frå dei tre klassetrinna og har eiga nettside www.naturkunnskap.no

I denne oppgåva vil eg prøve å drøfte elevbedriftsarbeidet vi driv i forhold til kunnskapsløftet, strategiplanen og anna litteratur eg har lese under dette studiet.

Sandane mars 2007

Svein Hjelmeset

Grunnlaget vert lagt for elevbedrift ved skulen vår.

I 2002 fekk eg to store 8-klasser. Det viste seg snart at ein del av elevane var flinke på data og ivrige i naturfag. Alt før jul dreiv vi med ”nettoppgåver” i naturfag. Ein elev tok på seg å lage ei heimeside. Oppgåvene vart lagt inn på sida og elevane løyste dei kvar 14. dag. Det gjekk mykje på artskunnskap der dei skulle finne namnet på fuglar, dyr, sommarfuglar, blomster osv. utifrå bilde eg hadde teke og lagt inn på heimesida.

Sida vart innhaldsrik og vart brukt som motivasjonsfaktor spesielt i naturfaget og IKT. Bilda var frå lokalmiljøet. Elevane fann bilde av seg sjølve på sida, der dei jobba med forsøk eller frå aktivitetar i kroppsøving. Det ligg også inne ein video frå eit forsøk med eksplosjonsbrann, som ein av elevane i 8. klasse filma og redigerte. www.fotoalbum.cjb.net

Vi tørrdestillerte mellom anna ein sigarett og målte kor mange ml tjøre -innhaldet var.

Deretter brukte vi matematikken til å rekne ut kva det kosta å bruke tobakk, og at det vart 1,5 l tjøre som passerte lungene på eit år om vedkomande røykte 20 sigarettar per dag. Dette vart faktisk mange tobakspakkar som vi fekk Rema 1000 til å sette fram så vi fekk ta bilde av det.



Eksplosjonsbrann av sporar frå stri kråkefot.
Foto: Jarle Bergheim 8 b
2003

Årsforbruk 20 sigarettar pr. dag
Foto: Else Karin Botnen Kleppe

Vi var på denne måten inn om det tverrfaglege og såg samanhengar mellom matematikk og naturfag. Eg og elevane brukte foto og video og nærma oss forsiktig bruk av fronter i undervisninga.

Denne måten å jobbe på, var kanskje ei fortsetting av det tradisjonelle tema- og prosjektarbeidet vi hadde drive med tidlegare, berre i ei anna form. Tanken på entreprenørskap og elevbedrift var fjern i denne perioden, men dei ivrigaste i 8. klasse vart dei

mest dugande entreprenørane i 10. klasse. Ja, nokre av dei driv fortsatt med ungdomsbedrift i dag ... 2. året på vidaregåande.

Elevbedrift på vår eigen skule og satsing på fylkesnivå.

Dette har Dr. Paul DeLargy sagt om entreprenørskap: *...ein som ser muligheter, og som gjer noko for å realisera dei til beste for seg sjølv, familien og lokalsamfunnet.*

Det er nedfelt mykje om entreprenørskap i læreplanar, strategiplanar, fylkesplanar, stortingsmeldingar og i litteratur om entreprenørskap. Ein del skular har sett fokus på dette temaet.

I Sogn og Fjordane har det vore ei sterke breiddesatsing på entreprenørskap dei siste åra. Dette har vore ei satsing som skulle hjelpe flest muleg skular til å få prøvt ut litt dette med entreprenørskap. *Regjeringa ser på stimulering til entreprenørskap som ein sentral del av distrikts- og regionalpolitikken.* (St. melding nr 21 2005/2006. "Hjarte for heile landet")

I KUF-97 finn vi dette: **Distriktpolitisk motiv:** *Skulen skal motivere barn og unge til å bli kjent med og ta i bruk lokale ressursar, slik at ungdomen kjenner identitet og tilknyting til bygda, og betre vert i stand til å sjå arbeids- og bumanligheiter i bygda.*

Dette kan du lese i Fylkesplanen for S. og Fj. 2005-2008 s. 24. *Innovasjon, kunnskap og entreprenørskap er sentrale drivkrefter for næringsutvikling*

I Sogn og Fjordane har offentlege og private aktørar gått saman om satsing på entreprenørskap. Her er samarbeidspartnarane:

Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane, opplæringsavdelinga

Høgskulen i Sogn og Fjordane

NHO Sogn og Fjordane/Ungt Entreprenørskap

Fylkesmannen si Landbruksavdeling og Utdanningsavdeling

Innovasjon Norge

På den store satsinga på entreprenørskap som Fylkesmannen sette i gang i 2003/2004 deltok 80 av 141 grunnskular.

Ungt Entreprenørskap og NHO Sogn og Fjordane har i fleire år arbeidd med partnarskapsavtalar. Forpliktande samarbeid mellom bedrift og skule, som kan innehalde; opplegg for bedriftsbesøk, prosjektarbeid, utplassering for elevar, hospitering for lærarar, deltaking frå bedrifa i undervisning på skulen og mentorfunksjon.

No vert det meir opp til kvar enkelt skule å vise til eigne planar eller til pedagogar med

entreprenøriell utdanning som bakgrunn for å få økonomisk støtte til elevbedriftsarbeid. I inneverande skuleår har eg vore så heldig at eg, i lag med tilsette ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, har fått reise rundt og sjå korleis skulane nyttar friske midlar til å jobbe med entreprenørskapsarbeid. Eg har vore med fordi eg er kontaktlærar for ei bedrift som kanskje jobbar litt utradisjonelt. Sjølv om eg er med for å inspirere andre skular, har eg sjølv fått gode og nyttige tips frå dei skulane eg har besøkt.

Nokre skular jobbar svært godt med planar der entreprenørskap blir sett på timeplanen. Det som elles går igjen, er at skulen gjer mykje arbeid som i grunnen er typisk elevbedriftsarbeid utan at det vert formalisert eller at dei startar og melder inn ei elevbedrift i Ungt entreprenørskap. Dette poenget skjønar eg, for det ligg ekstraarbeid i å drive ei elevbedrift. Dette seier eg fordi eg er den einaste på vår skule (ungdomsskule med 3 parallellear) som formelt har elevbedrift pr i dag. Klart vi driv med kantine og praktisk prosjektarbeid på vår skule, og grunngjevinga er enkel og velkjend: elevar utan tysk og spansk må ha eit slikt tilbod. Korleis det vert til neste år når alle skal ha eit andrespråk, er det vel ingen som veit. I den elevbedrifta eg er kontaktlærar for, jobbar elevane mykje på fritida. Elevane kjem frå alle tre klassestega og frå 5 klasser. Noko må sjølvsagt gjerast på skulen. Skal eg kunne rettleie dei, treng eg elevane ut frå andre lærarar sine timar. Her ligg eit stort problem. Nokre av lærarane nektar konsekvent å gje frå seg elevar, medan andre har ei anna holdning. Dette har undra meg, for i den tida vi dreiv mykje med prosjektarbeid, gav vi i tur og orden timar til ”andre” fag. Kva betyr mest for ein elev å vere med på; ein time i norsk grammatikk eller gjennom elevbedrifta få publisert ein sjølvskriven artikkel på Internett, Wikipedia, i lokalavisa eller i heftet bedrifta sel? Opplegget for elevbedrifta kjem eg tilbake til seinare, men faga som kjem inn er norsk, naturfag, matematikk, engelsk, kroppsøving, spansk, kunst og handverk og lokalhistorie, og det meste av arbeidet vert gjort på data. Det vi driv med er i høgste grad tverrfagleg.

Inger Karin Røe Ødegård skriv i boka si: **”Framtiden på timeplanen”** under pedagogisk innovasjonsperspektiv, noko som stadfester det eg nettopp har nemnt. *Postmodernismen representerer et brudd med og en protest mot enhetstenkning og det etablerte (s.42) I den postmoderne skolen er opplæring på tvers av faggrenser en forutsetning (s.42) Dagens barn og unge tilhører det forskerne kaller nettgenerasjonen (s.43)*. I same bok vert det sagt noko om tre typar reaksjonar i samband med forandringar (Rolf Jensen 1999).

Neo-Luddites: Dette er mennesker som reagerer negativt på alt nytt. De er konsekvent imot,

de påpeker risiki og ser skremmende perspektiver i det meste. Alt var bedre før.

*Den andre, sannsynlig største, gruppen betegnes som **Deniers**. Her finner vi mennesker som hovedsakelig er orientert i forhold til nåtiden, og som på en måte avviser fremtiden.*

Den tredje gruppen kaller Jensen for **Early adapters**. Innen denne gruppen finnes de som tilpasser seg raskt.
44)

Dette er skarpe grenser og lærarane kan ikkje settast i desse båsane utan vidare. Ikkje alle på ein skule treng vere fokusert på innovasjon og entreprenørskap. Leiinga bør ha rom for fleire lærartypar på ein arbeidsplass. Ein og same lærar kan ha suksess med å ikle seg alle dei tre typane i same fag. God gammaldags tavleundervisning og pugging av formlar i matematikk er ikkje alltid lurt å forkaste. Eit visst grunnlag frå klasserommet er fint å ha før ein set i gang med rekneark og brukar meir moderne teknikkar i undervisninga.

I desse dagar har vi stor satsing på tilpassa opplæring på vår skule. Konsulent er innleigd og vi teoretiserer vår kvardag ned til minste detalj. Sist vi møttest var temaet tverrfagleg arbeid. Entreprenørskap og programfag som etter mi mening gjev godt rom for tverrfagleg arbeid er hittil ikkje nemnt i det heile i den prosessen vi er inne i. Under ”Kriterier for elevens læringsmiljø” i Strategiplanen kan vi lese: *Tverrfaglig arbeidsform: Entreprenørskap er en tverrfaglig arbeidsform som bygger opp elevenes kunnskaper, ferdigheter og holdninger... Det er først når elevene har utviklet evnen til å tenke tverrfaglig og se forbindelser mellom fagene, at de etablerer kunnskap som kan nyttiggjøres i flere sammenhenger.*

No har eg fortalt litt om korleis vi arbeider, og at elevbedrifa sel same stoffet i ulike forkledningar. Den tverrfaglege biten står sentralt i vårt arbeid. Kjem nærmare inn på dette seinare i oppgåva.

Se mulighetene og gjør noe med dem.

Dette er overskrifta på strategiplanen 2004-2008 som Kunnskapsdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Kommunal- og regionsdepartementet har samarbeidd om. Dette står i innleiinga: *Formålet med strategien er å tydeliggjøre entreprenørskap som utdanningsmål og opplæringsstrategi. Vi ønsker å motivere og inspirere opplæringsinstitusjoner, kommuner og fylkeskommuner til å planlegge og forankre opplæring i entreprenørskap i samarbeid med næringslivet og andre relevante aktører i lokalmiljøet.*

Elevbedrifa Natur, kultur og media EB som eg vil skrive litt om i denne oppgåva, har etter det eg ser, valt eit tema å jobbe med, som gjer det naturleg å samarbeide med mange ulike aktørar i næringslivet her i Gloppen, på fylkesplan og også utanfor Noregs grenser. Denne

bedrifta har eg og elevane vidareutvikla frå 2005 og fram til i dag våren 2007.

Her er definisjonen vi finn på entreprenørskap i Strategiplanen: *Entreprenørskap er en dynamisk og sosial prosess, der individer, alene eller i samarbeid, identifiserer muligheter, og gjør noe med dem ved å omforme ideer til praktisk og målrettet aktivitet, det være seg i sosial, kulturell eller økonomisk sammenheng.*

Strategiplanen legg vekt på desse fire faktorane for å kunne satse målretta på entreprenørskap i utdanningssystemet:

Entreprenørskap som integrert del av opplæringa. Nokre fag eignar seg betre enn andre i denne samanheng. Kunst og handverk er nemnt som eit av desse faga. Det nye faget, programfag til val er og godt eigna til å drive entreprenørskapsundervisning i. På ungdomstrinnet kan ein dra inn dei aller fleste faga om ein ikkje driv for smalt.

Samarbeid med lokalsamfunnet er og ein viktig og nødvendig faktor for å skaffe seg andre læringsarenaer, der elevane kan få reell innsikt i arbeidsprosessar og kunnskap om arbeidslivet og kva utdanningsveg som vil kvalifisere dei for arbeidet.

Læraren sin kompetanse er viktig for at han skal kunne motivere elevane til entreprenørskap, innovasjon og omstilling. Tilbod om kompetanseutvikling er etter det eg kan sjå, god i Sogn og Fjordane.

Skoleeiers og skoleleders holdningar er den fjerde faktoren som er nemnt i strategiplanen. *Skoleeier må følge opp satsing på entreprenørskap i planer og styringsdokumenter og bygge kompetanse og innsikt blant skoleledere... Både skoleeiere og skoleledere må være initiativtakere til samarbeid med næringslivet og andre instanser i kommunen.*


Siste faktoren har eg på vår skule/kommune därleg erfaring med pr i dag. I 2005 vart elevane i elevbedrifta feira fordi dei vart nr 3 i NM. Både ordførar, skulesjef og rektor skulle no verkeleg satse på entreprenørskap. Eit og eit halvt år seinare er det blitt med dei fagreorda og lite er nedfelt i planane enno.

Til slutt gjev Strategiplanen oss nokre utfordringar som til dømes,*styrke internasjonalt arbeid. For å sikre at entreprenørskap også sees i et internasjonalt perspektiv, er det nødvendig å utveksle erfaringar med andre land og gjerne samarbeide i konkrete prosjekter.*

Fjellatlasprosjektet resulterte i elevbedrift.

I 2003 fekk eg tilbod om å vere med på Natur og kulturbasert Læring (Fjellatlas) der digitalt kart var utgangspunktet for å legge inn stoff frå lokalmiljøet og kartfeste kvar artikkkel. Sogn og Fjordane fylkeskommune var prosjektansvarleg. Natur og kulturbasert Læring inngjekk også som eit delprosjekt under forskingsrådet sitt HØYKOM- skule program.

Meininga var at elevane sjølve skulle finne stoff og skrive om ein støl, ein fjelltur, ei god historie eller noko liknande. Det vart populært å presentere stoffet sitt på denne nye nettsida www.fjellatlas.no. Etter kvart starta vi med å legge ut naturfagleg stoff og. Det vart artiklar om fugl og blomst og meir eller mindre gode bilde. Elevane la også inn lydfiler med fuglesang og den tidlegare heimesida vart mindre brukt etter kvart. Fronter vart meir og meir nytta til å løyse oppgåver frå det lokale stoffet vi hadde lagt inn på fjellatlassida. IKT kompetansen auka merkbart mellom elevane og dei lærte ein del anna fagstoff også.




Solformørking 31. mai 2003 klokka 04.00.

Dei aller fleste bilda og tekstane er daterte i tillegg til at dei er kartfesta. Er du i tvil om gråtrasta har lagt egg, eller kvitveisen blomstrar, og du bur i Gloppen, kan du sjå innom denne sida og finne eit cirkasvar utifrå dato. Vi starta også på dette arbeidet i det små og enno var ikkje entreprenørskap i tankane våre. Det måtte ein far til for å tenkje elevbedrift. Hadde ikkje han motivert oss, hadde vi vel fortsatt jobba som *Deniers*-typen. Om det var ei lukke at den framsynte faren fekk overtale oss eller ikkje, er vanskeleg å seie. Eg er i år inne som kontaktlærar for tredje året på rad, og ekstraarbeidet er merkbart.

Natur, kultur og media EB.

Sjølv om eit par sentrale personar på skulen drog fram alt som kunne gå gale med elevbedrift og frårådde oss å starte, sette vi i gang med friskt mot, sjølv om vi starta med elevar frå 10. klasse og vi var midt i januar. Dette året vart vi berga av Det avsluttande prosjektarbeidet som det var sett av ei veke til. Tittelen var ”Moderne kommunikasjon”. Elevane hadde til no basert seg på å jobbe mykje heime med å skrive artiklar, og sende på e-post til meg. Eg retta dei og la dei på nettet. I prosjektveka kunne vi jobbe på nettet på skulen, og eg kunne rettleie dei. Dette trur eg er den mest produktive veka eg har opplevd på skulen nokon gong. Ein afghansk gut tok på seg å lage ein digital natursti. Han lasta ned eit program (flash) på afghansk og lærte seg å bruke det. Han fekk med seg tre andre elevar som henta eige stoff frå fjellatlassida og formulerete spørsmåla. Det enda med at det vart laga fire digitale naturstiar (2 om fugl og ein om blomst), som du finn på heimesida vår <http://www.naturkunnskap.no> tre på norsk og ein på engelsk og no låg det internasjonalisering i lufta.



Her er introduksjonssida til naturstien.

Støttespelarar.



Breimsvatnet mot Skjorta

Til Natur og media elevbedrift:

Prosjektgruppa for bygdeutvikling i Breim ser med stor interesse på forretningsideen dykkar. Spesielt at de får med dykk den grøne årstida som er svært viktig og for vårt landbruks- og reiselivsfylke, og at nokre av dykk tar sikte på å utvikle kunnskap og forretningside over fleire år med veksling mellom utdanning og utprøving av kunnskap gjennom ungdomsbedrifter.

Ei bedrift som dykkar treng startkapital, så de får med dette eit **oppstartstilskott på kr 500,-**

De får og høve til å vere **dei første som nyttar vårt nye domene naturkunnskap.no** dersom de ynskjer det.

Pengane er i denne omgang gjevne av Breim vilt- og fiskelag. *Ola Bergheim* vil vere kontaktperson for dykk til bygdeutviklingsgruppa vår. Våre nettansvarlege; *Jan Rune Bjørkelo* (til dagleg ingeniørstudent i Førde), og *Livar Bergheim* (no guide i den norske paviljongen i Disneyworld Florida), vil vere kontaktpersonar for dykk når det gjeld naturkunnskap.no.

Vi vil ta kontakt med Gloppe ungdomsskule for drøfting av fastare samarbeidsformer, t.d. partnarskapsavtaler.

De får og eit rykande ferskt utkast til "Miljøtiltak i landbrukets kulturlandskap og områdetiltak for fiske og jakt i Breim". Her vil de finne vurdering av Fjellatlasprosjektet dykkar og framlegg til vidareutvikling og mulege oppgåver for elevbedrifter.

Vi tek gjerne mot tilbod frå dykkar bedrift på desse oppgåvene!

Breim 30.01.2005

Reiel Felde

(leiar prosjektgruppa for bygdeutvikling i Breim)

Vi fekk altså ein god start på mange måtar. Det økonomiske tel ein del når vi skal starte bedrift og startkapital frå Breim vilt- og fiskelag kom vel med. Frå same hold sponsa breimningane oss med heimeside som dei betalte for oss i to år. Frå Breim fekk vi også økonomisk støtte eit par år før vi starta bedrift. Når vi vart med i fjellatlasprosjektet fekk vi GPS og Gloppen ungdomsskule fekk 10000 kr som ekskursjonsmidlar frå dei, slik at vi kunne kome oss ut i distriktet på oppdrag. Sparebanken Sogn og Fjordane gav oss også starthjelp i form av sponsoring av innmeldingsgebyr og gode råd om økonomi. Banken hjelpte oss og med å opprette nettbank. Dette viser at eit godt nettverk er nyttig når ein startar bedrift.

I Gründerboken av Lars Kolvereid og Anton Thune-Holm finn eg litt om **Kunnskap, informasjon og nettverk**

Forretningsideer kan dukke opp som en følge av den kunnskapen man har , eller som en følge av at man skaffer seg informasjon. Dess flere man er i kontakt med, dess større er tilgangen på informasjon. Informasjonen kan komme fra familie og venner, forretningsforbindelser, offentlige kilder eller profesjonelle veiledere. (s. 41)

Bedrifta fekk etter kvart fleire støttespelarar. Landbrukskontoret ville gjerne kjøpe hefte som vi produserte med fuglebilde og tekst i kombinasjon med blomster og tre. Dei ville heller kjøpe lokalt stoff enn å handle nasjonalt. Nordfjord Folkemuseum kjøpte hefte med same innhald og, så vi produserte for fullt i nemnde prosjektveke. Elevane hadde også videoopptak frå juleballet. Denne vart redigert og selt som DVD til mange elevar på skulen. Godt lokalt nettverk førte og til at elevane fekk produsere artiklar for sal til lokalavisa. Fyrste året var med andre ord eit aktivt år for dei tilsette og meg som sto ganske åleine med arbeidet på eigen skule. Faren som fekk oss til å starte det heile, var ein svært god støttespeler for meg og for elevane.



Vi er litt ute i distriktet og ser utover Bergheimsvatnet og elvedeltaet frå kringliggjande brear.

Nye nisjer i elevbedrifta.

I 2005 vart vi einige om at vi skulle omsetje nokre artiklar til engelsk. Ein elev i 8. klasse og bror hans i 10. klasse tok på seg oppdraget, og eg fekk min fyrste samarbeidspartner i kollegiet. Engelsklæraren i 10. klasse såg verdien i arbeidet og ho var meir enn villig til å rette engelsken. Dette vart i grunnen ein suksess, for eg kom i kontakt med ein skotsk ornitolog på eit møte i Sogn. Etter at engelsklæraren hadde retta, sende eg teksten til Skottland der faguttrykka vart lagt inn og engelsken vart kvalitetssikra.

Her viser eg litt av korrespondansen med Skottland.

From: "Boyle, Jamie" <Jamie.Boyle@rspb.org.uk>
To: "Svein Jan Hjelmeset" <hjelmesets@hotmail.com>
CC: <jaharrison1a@fnes.net>
Subject: RE: Birds
Date: Thu, 26 Jan 2006 16:57:26 -0000

Hi Svein

Find corrections below for the two translations, they are both very good and needed little changing (corrections in red, - indicates change). Both species occur in Scotland although Latinsk:
Vistvanagis (goshawks) are very rare. We will look and do any corrections on chiffchaff and blue tit and send them back to you as soon as possible.

JB

The greater black-backed gull (*Larus marinus*)

The greater black-backed gull is found on the coastline all over Norway. It is rarely found at lakes in the interior. There are greater black-backed gulls that come to the Sandane area to hatch their eggs every year. The greater black-backed gull is often found in flocks with cormorant. Cormorants gulp up some food which the greater black-backed gull eats. There is a flock of about 10 cormorants in the "Selvágane" area and there are usually -greater black-backed gulls with them.

About the bird

The greater black-backed gull is the biggest of the gulls. It is 70 cm long and weighs about 1,5 kg. The male and female look alike.
It is a member of the gull family.

The greater black-backed gull looks a lot like the lesser black-backed gull, but it is much bigger and have greyish meat coloured feet unlike the lesser black-backed gull which has yellow feet.

The black wings look wider and not so pointy when the bird is in flight. You can recognize the bird in flight by looking at the white tipped wings. The greater black-backed gull has brown patches on his head and neck in the winter. The youngsters look a lot like the herring gull, but the greater black-backed gull doesn't have as many spots on its underside as the herring gull. The back of the bird has more of a pattern. The bird is in full adult plumage when

it is 4 years old. Its voice is dark and deep. You can find the sound on
www.Fjellatlas.no

Hatching

The greater black-backed gull broods its eggs all along the coast. It broods in couples or in colonies. Pretty big nest made of straw ,weed and moss, (look at the picture). The greater black-backed gull lays 3-4 eggs in April-May. The eggs are a lot bigger than the usual gull egg. The eggs are a light greyish brown with a greenish tone and have dark brown and greyish purple dots. The chicks can fly when they are 45-50 days old but they leave their nest as soon as they hatch.

Food

The greater black-backed gull will often - eat other birds eggs and chicks. It also eats small sea creatures, rodents, carrion and garbage. Many of them stay the winter, the rest migrate to Eastern Europe in August.

Translated by: Martin Slagstad 10c 2006



Svartbak/ The greater black-backed gull.

Fleire fugleartiklar vart omsette og nokre av dei vart brukt i hefta vi trykte opp. Dette var starten på å få endre fjellatlasnamnet til noko anna. Mentor for bedrifta, Ola Bergheim, jobba mykje med dette, og i dag finn du sida på denne adressa www.geoatlas.no Vi hadde lukkast med å få bruke både geoatlas- og naturkunnskapsdomenet. Det har undra oss at dei var ledige. Dette påverka bedrifta til å tenkje meir på internasjonalisering, interpretasjon og geoturisme.

Vi har mykje stoff som kanskje er av interesse for det store utland. Vi som dagleg lever i dette miljøet, ser oss meir eller mindre blinde på alt rundt oss. Det blir ei oppgåve for oss å sjå alt det særeigne og få marknadsført det.



Smålom Foto: Bjørnar Kaale 9a

Dette bilde som ein elev i 9. klasse har teke, viser litt av mangfaldet vi har rundt oss.

Naturopplevingane kan bli betre om vi ser litt av det vi går forbi på turane våre og ikkje berre er ute etter å løyse sveitten og å få opp pulsen.

Geoturisme, Interpretasjon og internasjonalisering.

Forretningsideane til ”Natur, kultur og media EB”:

Nytte kunnskapane våre i naturfag, norsk, engelsk, matematikk, forming, lokalhistorie og IKT til å selje: artiklar/hefte på norsk og engelsk til lokalavisa, andre media og til turistnæringa.

Vere med på å bidra med tekst, bilde, teikning, lyd og video til geoatlas (nettbasert natur- og kulturformidling). Vidareutvikle samarbeidet vi har starta med Skottland. Byggje fugletårn i Sandane-området. Jobbe med Web-side (www.naturkunnskap.no). Vidareutvikle samarbeidet med andre skular og lokalsamfunnet.



Her er dei tilsette i ”Natur, kultur og media EB” 2006/2007

Innovasjon Norge har forplikta seg til å drive reiselivsverksemda i tråd med dei prinsippa som blir kalla for geoturisme. Hausten 2006 vart det underskrive ein avtale om at prinsippa for geoturisme skal ligge i botnen på alt norsk reiseliv.

Her er ein definisjon: *National Geographic Society definerer geoturisme som Turisme som ivaretar, forsterker og fremhever et steds lokale egenart – miljø, kultur, estetikk, kulturarv – og som kommer lokalsamfunnet til gode. Satsinga på denne typen reiseliv er i tråd med Nærings- og handelsdepartementets handlingsplan for reiselivsnæringene, der det blant annet heter ”Begrepet geoturisme brukes om helheten i destinasjonen, alt som gjør stedet unikt, så som flora og fauna, historie, vakre landskaper , tradisjonell arkitektur, lokal kultur og mat”*

Dette er henta frå www.innovasjonnorge.no sine sider.

Fjellatlasprosjektet som starta som eit pilotprosjekt i 2002 i turistkommunen Balestrand, hadde i seg mykje av ideane frå geoturisme. Turistguidane skulle lærast opp til å kunne gje fjellturistane informasjon om det dei kunne vere interesserte i. Dette prosjektet som no har fått nytt namn, geoatlas, har utvikla seg mykje i retning av geoturisme om ein ser på all informasjon som no ligg inne: ...” *om helheten i destinasjonen, alt som gjør stedet unikt, så som flora og fauna, historie, vakre landskaper , tradisjonell arkitektur, lokal kultur og mat”*.

Under Floppen ligg det inne bilde og tekst om 130 ulike fuglar på geoatlas. Dei største rovfuglane som havørn, kongeørn er med, og dei hekkar i området. Det er skrive ein del om at det er større interesse for fugletitting enn for jakt. Vi er godt i gang med å kartlegge floraen i

distriktet og. Litt stoff om geologi ligg og inne på geoatlas. Både fugl og blomst knyter vi til fjellturar og stølsområde. Blomst er og knytt opp mot geologien og. Vi har indikatorplantar – reinrose, marinøkkel - som viser at det for eksempel er kalkgrunn der dei veks. Slik bergart finn vi berre nokre få stader i kommunen. Kulturarven er og med i arbeidet vårt. Kan nemne Holvikjekta, kyrkjene i kommunen, heksemonumentet i Anda og fleire.



Vandrefalk har teke ein storspove. Fotograf: Erik Slagstad 8b

Publisering av stoffet vårt.

Elevbedifta jobbar meir i den fyrste fasen av geoturisme. Vi er i ein kartleggingsfase der vi også som gruppe vert gode på kva som finst. Litt av arbeidet vårt går og på å publisere det vi kjem over og nå eit så stort publikum som muleg. Det er tredje året vi sel artiklar til lokalavisa Firda Tidend. Vi har i denne perioden selt 55 tekstar til avisa, og vi har fått fleire positive tilbakemeldingar frå lesarar. På geoatlassida vert stoffet og publisert til eit stort publikum.

Elevane har lagt inn fleire artiklar på Wikipedia og

<http://nn.wikipedia.org/wiki/Spesial:Search?search=svein+hjelmeset>

Redaktören for ein av dei største digitale floraer på nettet,

<http://www.kristvi.com/flora/index.html> fekk bruke nokre av bilda vi har på sida vår. Alt materialet ho brukte, linka ho til fjellatlassida. Det var avtalen mellom oss. For å nå fleire, har vi omsett 10 artiklar til engelsk og (Sjå meir omtale tidlegare i oppgåva). Vi er og i gang med å omsette artiklar til spansk (3 pr i dag). Tanken er og at vi skal legge inn lyd på dei omsette

artiklane. Kanskje vi kan ha eit nært samarbeid med spansklæraren om kva ho vil at vi skal prioritere av omsetjing, for at ho kan bruke det i si undervisning? Det kjende lokale stoffet kan kanskje motivere elevane til å lære spansk?

Interpretasjonsformidling av opplevelser.

Hvilke inntrykk vi mottar i møte med ulike opplevelsесprodukter, vil være avgjørende for opplevelsen der og da, og for erfaringene vi sitter igjen med. Inntrykkene bestemmes både ut fra natur-, kunnskaps- og miljømessige forutsetninger, men også ut fra hvordan tilbudene utformes og tilrettelegges. Hvordan tilbudene formidles, bruk av formidlingsteknikker, tilgjengeliggjøring, samt kundenes respons på formidlingen er viktig. (Høgskolen i Lillehammer).

Interpretasjon handlar om spesielle stader – ein bygning, eit landskap, noko frå folkelivet, ei bygd, ein gjenstand eller ei samling av slike, ein industri, ei historisk hending eller periode, ein aktivitet. Interpretasjon som kommunikasjonsprosess er ikkje noko som har oppstått spontant ein dag. (Veverka, 1997) Skriv Eli-Grete Høyvik i masteroppgåva si (2002)

Når SFE ... energiverket i Gloppen, vil satse på å produsere drikkevatn som biprodukt av vatnet som først har rennt gjennom turbinane og gitt elektrisk kraft, så handlar det om interpretasjon på same måten som Olden-vatn kjem frå gammal, lite forureina is som smeltar. Dette er kanskje produkt som vil stå seg i dagens klimakrise?

Det er tydeleg at større bedrifter i Gloppen har registrert bedrifta vår, for i vinter fekk vi ein spennande invitasjon. SFE (Sogn og fjordane energiverk) skulle ha idémyldring på eit tilleggsprodukt dei vil lansere. Mange konsulentar skulle vere med, men dei spurde oss om vi kunne stille med to elevar, for å få fram korleis ungdomen tenkte i forhold til det nye produktet, slik at elevane sine idear og kom med i marknadsføringa. Dette var ei nyttig erfaring for vår bedrift. Kanskje var det viktig for elevane å sjå at også store bedrifter brukte same teknikkane som vi i skulen, når ein skal få opp rette problemstillingane..... idémyldring. Sjå vedlegg 1 til slutt i oppgåva.

Elevbedrifta fekk og høve å presentere arbeidet sitt for ein rektor frå ein skule i New Zealand.

Tilbakemeldinga frå han kan de lese meir om i vedlegg 6.



Krus med eigne motiv produsert av Eurofoto

Som sagt tidlegare, så har "Natur, kultur og media EB" jobba mest med å kartlegge nærmiljøet og publisere det spennande vi finn ved hjelp av bilde, tekst, lyd og video, både lokalt og på nettet. Vi har produsert ein del varer for sal i lokalmiljøet. Jaktkalenderen (sjå vedlegg 2) produserte vi i 100 eksemplar og alt vart selt eller gitt som gave til våre samarbeidspartnarar. Bedrifta har selt CD-ar og.

Må også ta med at vi hadde eit underskotprosjekt òg. Tanken var å lære eldre folk å surfe på Internett. Lese nettavisar og litt enkel bruk av dette mediet. Vi hadde annonse i lokalavisa som kostar meir enn det dei fem frammøtte betalte.

Marknadsundersøkinga var kanskje for därleg og vi kunne funne andre måtar å få deltakarar på.

Elevane kjem stadig med nye idear. Det kan ligge ann til eit samarbeid med Eurofoto, kanskje også partnarskapsavtale. Krusa på bildet over, kunne ein og selje gjennom Eurofoto eller som suvenir til turistane. Dette ligg som ein visjon som vi kanskje får realisert.

Bygging av fugleobservasjonstårn.

Ein stor del av det arbeidet elevane har gjort i samband med geoatlas, handlar om fugl. Også mykje av innhaldet i artiklane i lokalavisa er om fuglar. Når det også viser seg at fugletutting er svært populært blant folk både i Norge og i utlandet, var neste steg for bedrifta å få bygt eit fugletårn.



Gjerdesmett



Skjæret med alle hettemåsereira juni 2006.

Trekkfuglane blir no kopla til global oppvarming som ein indikator på kva som skjer med klimaet i dag. Fleire av dei tradisjonelle trekkfuglane overvintrar i landet vårt alt no, og dei som trekkjer, kjem tidlegare attende for å hekke. Dette kan få konsekvensar for lovgjevinga i Norge også. Tidlegare hekking krev at datoane for freding av fuglereservat i hekkeperioden, vert endra. I gåavstand frå skulen vår finn vi største hekkeområdet i fylket for hettemåse (110 reir på eit lite skjær) i Selvågane. Dette var nytt for Fylkesmannen sitt kontor og området grensar opp til eit stort areal som har vore freda i mange år. I det freda området er det nesten ikkje fugl som hekkar!



Ramn teikna av Elise 8c 2006



Ein av dei sjeldne fuglane i Selvågane. Mandarinand hann.

I dette området har vi etter fleire søknader, nabovarsel og samtaler med teknisk kontor, grunneigar og vegvesenet (vedlegg 3) fått økonomisk støtte og løve til å få bygt og sett ut eit mobilt fugletårn. Dette er no under bygging på skuleplassen der dei tilsette i bedrifta står for bygginga med god rettleiing og tilrettelegging av Paul Rune (vaktmeister).

Vi sökte og fekk midlar frå Lokal Agenda og frå Fylkesmannen. Dette fekk sjølv sagt avisene tak i, så dei hadde eit intervju med elevane. (Sjå link og vedlegg 4)

<http://www.firdatidend.no/nyhet.cfm?nyhetid=2673> Også NRK fekk greie på oppleget vårt og dei har trua med at dei vil dekke saka og kanskje selje det til Norge rundt.

Det er fleire grunnar til at vi satsa på dette prosjektet. Paul Rune har god erfaring med bygningsarbeid, så elevane har lært mykje praktisk arbeid ilag med han. Dei nevenyttige elevane har fått utfolde seg og alle ser eit praktisk resultat av innsatsen dei har gjort i lag. Dei vil og kunne bruke installasjonen til noko nyttig både for seg sjølve, andre på skulen, andre skular, nærmiljøet og kanskje få oppdrag for Fylkesmannen sitt kontor ...

Landbruksavdelinga.

Planen er at når vi får huset på plass, kan det brukast av fleire klasser i naturfag. Ein går dit på 5-10 min. Dette blir då ein praktisk måte å lære seg litt artskunnskap på. Elevbedrifta har også investert i eit kamera med god zoom for å kunne dokumentere det dei ser.



Så langt kom vi med bygginga av fugletårnet før påske 2007.



Spurvehauk teikna av Elise i 9c 2007.

Om vi ikkje greier å ta bilde av sjeldne fuglar, er det fleire teiknetalent i bedrifta. Denne gjengen på 16 elevar utfyller kvarandre og driv bedrifta på ein fin måte. I haust nytta vi heimesida til skulen for å lyse etter fleire tilsette. Dei måtte sende søknad til styret som hadde eit formelt intervju før dei nye fekk jobben. No ser vi at vi har vore heldige og tilsett nokre som er flinke med hammar og spikar og.

Bedriftsmesse.

Bedriftsmessa er ein fin møteplass for inspirasjon og arena for å få nye idear. Vi var heldige og gjekk heilt til topps. Det gjorde faktisk dei elevane som starta i bedrifta vår for 3 år sidan også.



Stolte elevar frå Natur, kultur og media EB og Bergheim Media UB.

For å kome vidare i arbeidet vårt, er det viktig å få med fleire kollega frå eigen skule og formalisere entreprenørskap inn i planane våre... få ein kultur for det. Elles bør vi og få partnarskapsavtaler med dei vi allereie samarbeider med... Eurofoto, SFE, Firda Tidend i første omgang. Internasjonaliseringa er og ei spennande utfordring, då gjerne ilag med turistnæringa. Vårt vesle forsøk på interpretasjon er berre fyrste trinn, nokon må gå vidare og få turistar og andre til Gloppe for å teste ut det vi har å by på. Den beste samarbeidspartnaren blir vel den som fyrst var på bana, då vi starta elevbedrift.... Bygdeutviklingslaget i Breim. Dei er opptekne av å få med den grøne årstida og.... Der kjem 4-H sterkt inn.



Grevling teikna av Niklas 9b 2006

Konklusjon

Gjennom studiet og den litteraturen eg har lese, har eg fått bevisstgjort det arbeidet eg har drive med gjennom eiga elevbedrift. Eg har fått betre innsikt i entreprenørskapstankegangen som no er godt forankra i kunnskapsløftet og strategiplanen. Det er, som eg tidlegare har nemnt, arbeidskrevjande å engasjere seg utover eigen timeplan, for å få til det fagsamarbeidet som krevst, om ein skal drive entreprenørskap i skulen. Den tilpassa opplæringa, som det kan ligge til rette for gjennom både programfag til val og elevbedrift, treng ein jobbe mykje med, om ein skal lukkast. Samarbeid, kultur for slik jobbing, kompetanse og ressursar er viktige stikkord.

Det eg har drive med på Gloppen ungdomsskule, vil eg meir sjå på som eit spennande prøveprosjekt. Denne bedrifta kunne ikkje jobbe like godt, om berre dei som fram til i dag har praktisk prosjektarbeid, skulle vere dei tilsette. Stammen i bedrifta er elevar som har spesiell lyst til å jobbe med IKT, skrive artiklar, likar naturfag, engelsk og praktisk arbeid. Framfor alt, er dei villege å gjere mykje av jobben på fritida. Elevar som slit fagleg, har vi og integrert i bedrifta. Også dei kan, med ein del hjelp, skrive artiklar som kjem i avis. Elevane har hjelpt kvarandre med å rette produkta før dei kjem på trykk. Åttande klassingane får gjerne ei læretid i starten. Dei eldste elevane med lengst praksis, gjer mest og er rettleiarar for nybyrjarane . Til og med tidlegare elevar som går på vidaregåande skule har vore til stor hjelp for oss i år.

Dersom ein fekk tid og ressursar, kunne eg tenkje meg å vidareutvikle denne bedrifta. Partnarskapsavtalar verkar spennande i samband med våre produkt. Likeeins internasjonaliseringa gjennom språk, fugl, blomst, kopla til klimaendring som dessverre kjem i nær framtid.

Litteraturliste.

- Røe Ødegård, Inger Karin (2000) Pedagogisk entreprenørskap, Høyskoleforlaget, Kristiansand
- Røe Ødegård, Inger Karin (2003) Læreprosesser i pedagogisk entreprenørskap, Høyskoleforlaget, Kristiansand
- Framnes, R. og Tjømøe, 2001 Markesføringsledelse, Oslo
- Fagserien Distriktsaktiv skole nr. 3/98 Elevbedrift som prosjektarbeid
- Kolvereid, L og Thune-Holm, A Gründerboken, Cappelen Akademiske Forlag,
- Kunnskapsdepartementet (2006) Læreplanverket for den 10-årige Grunnskolen, Generell del og Prinsipp og retningslinjer – del 1
Prinsipp og rammer for opplæringa – del 2
Læreplaner for fag – del 3
- Kyrkje, utdannings- og Forskningsdepartementet (1997) Entreprenørskap i opplæring og utdanning
- Læringsenteret (2002) Progresjonsmodellen
- Offerdal, Ivar A Skulen som ressurs i utviklinga av lokalsamfunnet i Befring/Heggheim
- NHD, KD og KRD (2006) Se mulighetene og gjer noko med dei – strategiplan for entreprenørskap i utdanninga – revidert utgåve 2006
- Ungt entreprenørskap (2003) Elevbedrift – ungdomsskulen, lærarrettleiing eller ungdomsbedrift – vidaregåande skule
- Real materialet for alternativt mellomsteget/ungdomssteget eller vidaregåande skule/høgskule/universitet – referanselitteratur.

Vedlegg

- Vedlegg 1 Velkommen til idémyldring i Ålfoten
- Vedlegg 2 Kalender 2007
- Vedlegg 3 Statens vegvesen
- Vedlegg 4 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Vedlegg 5 Firda Tidend
- Vedlegg 6 Møte med John Palmer
- Vedlegg 7 Døme på fronter-arbeid



Vedlegg 1.



Kreativit   og myksh  pande
med tekniske r  r

Velkommen til id  myldring i   lfoten



Landskapet som baner vei for friske ideer

Tid: Onsdag 22. november

Stad: SFE sine lokaler i   sk  ra

Designarane fra Ralston & Bau skal leie oss gjennom denne "Workshopen". Dei skal lokke dei beste ideane ut av oss gjennom sin vide og utradisjonelle m  te    jobbe p  .

Vi startar kl. 10:00 og held p   til ca. kl 16:00. Vi serverer lunsj.



Temaet er vatn!



Ralston & Bau

Som deltakar p   id  dugnaden f  r du dekka dine dokumenterte reisekostnader, samt eit eingongshonorar etter nærmare avtale. Dette representerer den fulle og heile betalingsforpliktelse for SFE i tilknytning til id  dugnaden og bruk av dei resultata som eventuelt m  tte kome fram.

Hilsen Prosjektgruppa "Drikkevannsprosjektet" SFE

SFE har retten til sj  lv eller gjennom andre, fritt    kunne utnytte alle ideer som m  tte kome opp under id  dugnaden.

Vedlegg 2

Kalender 2007



”Natur, kultur og media elevbedrift”
12 dyr og fuglar du kan jakte på.
Du finn meir tekst og bilde på desse adressene
www.geoatlas.no
www.naturkunnskap.no

Vedlegg 3



Statens vegvesen

Natur, kultur og media
Elevbedrift v/Gloppen Ungdomskule
Gota 10
6823 SANDANE

Behandlende eining:
Region vest
Fjordane distrikt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Vigdis Lobenz - 57724054

Vår referanse:
2007/007651-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
09.02.2007

Dispensasjon for bygging av mobilt Fugletårn - rv. 615 Selvågane - gnr. 77 bnr. 44 i Gloppen kommune

Etter søknad av 12.01.07 gjev vi med dette dispensasjon frå byggjegrense ved Rv 615 hp 4 km 0. 930 for oppføring av mobilt fuglekikkingstårn med ein avstand på 10 meter frå vegmidde til nærmeste bygningsdel på gnr. 77bnr.44 i Gloppen kommune.

Vi gjer merksam på at dispensasjonen berre gjeld i høve veglova, og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle andre grunneigarar. Dispensasjonen er gjeve i samsvar med føresagnene om byggjegrensene i veglova §§ 29 og 30 og på dei vilkår som er nemnt nedanfor.

1. Bygningen må ikkje nyttast til anna føremål enn det som kjem fram av søknaden.
2. Dispensasjonen gjeld i 3 år; 1. mars 2010. Viss installasjonen skal stå lenger må det søkjast om forlenging av dispensasjonen.
3. Det er ikkje grunnlag for krav mot Statens vegvesen på grunn av skade eller ulempe som følgjer av at bygningen ligg innanfor byggjegrensa, med mindre det kan påvisast akløyse frå vegvesenet si side.
4. Dersom bygget vert oppført i strid med vilkåra i denne dispensasjonen, kan bygget krevjast fjerna med heimel i veglovas § 36 utan kostnader for Statens vegvesen.
5. Viss deler av vegbane/vegkant vert nytta ved bygging eller montering, skal det arbeidsvarslast på vanleg måte.

Lykke til med prosjektet!

Veg-Fjordane
Med helsing

Jørn
Arnfinn Båtevik
Seksjonssjef
Jørn Båtevik

Vigdis Lobenz
Vigdis Lobenz

Kopi: Gloppen kommune, Firdavegen 6, 6823 GLOPPEN

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr.: 971032081

Kontoradresse
Sanderplassen 6
FØRDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Vedlegg 4



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hermund Mjelstad – 57 65 51 42
E-post: hm@fmsf.no

Vår dato
28.11.2006
Dykkar dato

Vår referanse
2006/5920 -1/
Dykkar referanse

Gloppen Ungdomsskule
Att. Svein Jan Hjelmeset

6823 Sandane

Tilskot til bygging av fugletårn i Selvågane, Gloppen kommune

Vi viser til e-post om denne saka.

Det er søkt om midlar til bygging av eit fugleobservasjonstårn i regi av Gloppen Ungdomsskule i Selvågane, Gloppen kommune. Området grensar opp til Bukta fuglefredingsområde.

Fylkesmannen gjev med dette eit tilskot frå lokale vilttiltak (kap. 1425.71.3) på kr.10.000,- til bygging av fugletårnet.

Det vert sett som vilkår at fylkesmannen får tilsendt rapport saman med ein enkel rekneskap for tiltaket. Fylkesmannen kan krevje summen betalt attende dersom ikkje tiltaket vert gjennomført i samsvar med søknad og tilsegn.

Beløpet vil bli utbetalt så snart vi får oppgjeve kontonummeret til prosjektet.

Med helsing

Johannes Anonby
rådgjevar

Hermund Mjelstad
rådgjevar

Kopi: RB

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefax: 57 65 50 55
Oppsl: 574 760 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefax: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sf

Firda Tidend

DI LOKALAVIS FOR GLOPPEN OG JØLSTER, lørdag 07. apr 2007

FRAMSIDA

Elevbedrift byggjer fugletårn

NYHENDE

- Gloppe
- Jølster
- Sport
- Kultur
- Dagens Leiar
- Andre nyhende

Finn nyhende:

SØK

AKTUELT

- Bildeglimt

MARKNADSPLASSEN

- Ledige stillingar
- Marknadsplassen
- Rubrikkar
- Send inn annonse

FIRDA TIDEND

- Annonsefrist
- Annonseprisar
- Fakta om avis
- Kontakt oss
- Opningstider
- Redaktøransvar
- Tilsette
- Teikn abonnement!

Av Inger H. Aske Lothe, 06.12.06

Gloppe: Natur, kultur og media elevbedrift ved Gloppe ungdomsskule skal byggje eit fugletårn i Selvågane på Sandane for å kartlegge fuglelivet der. Tårnet skal stå ferdig til våren. – Det gler vi oss til, seier Ane Oftedal og Mathias Urke Myklebust.

Elevbedrifta har allereie fått 20.000 kroner i tilskot til prosjektet, 10.000 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og same sum frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Dermed har elevane nok pengar til å kjøpe inn materialar til det seks kvadratmeter store fugletårnet, som er kostnadsrekna til kring 40.000 kroner.

Les heile saka i papirutgåva onsdag.

Tips ein venn om denne saka

ANNA

Til: (Epost)

Fra: (Epost)

Send



Elevbedrifsleiar Ane Oftedal og Mathias Urke Myklebust ser saman med kontaktlærar Svein Hjelmeset fram til å starte kartlegginga av fuglelivet i Selvågane. Det skjer til våren når dei har fått plass eit fugletårn i strandkanten.

Vedlegg 6

Møte Med John Palmer



Gloppen ungdomsskule har hatt vitjing av John Palmer som er rektor på ein skule i New Zealand.

"Natur, kultur og media EB" fekk høve til å vise han det arbeidet bedrifa jobbar med. Her kjem John si tilbakemelding om korleis han vurderte arbeidet til elevane i bedrifa. Arbeid som for det meste er gjort på fritida.

I am a school teacher and Principal from New Zealand. I have been visiting schools in Norway. At Sandane, Gloppen ungdomsskule I was shown their award winning website programme and introduced to the team who have developed the project on which it is based. The work is very impressive and very advanced in its conceptual design. The intergration (wholisticnes) of the project involving computers, natural science, mathematics, outdoor education, media presentation, art work etc are I am sure world leading. I will be very interested in explaining and trying to form connections in New Zealand about the Gloppen work. The teachers and students, past students and parents of pupils at Gloppen Ungdomsskule should be very proud of their work and the results of it.

Sandane 22.02.07 John Palmer

Eg er ein lærar og rektor på ein skule i New Zealand. Eg besøkjer skular i Norge. På Gloppen Ungdomsskule viste dei meg datasida si som blei premiert, og eg vart introdusert for dei som har utvikla dette prosjektet. Arbeidet som er lagt ned er veldig imponerande og avansert på den måten konseptet og designa er utført. I prosjektet brukar dei data, naturfag, matte, litt friluftsliv, kunst osv, denne integrasjonen er eg sikker på ligg i verdstoppen. Eg er veldig interessert i å forklare og prøve å utvikle forbindelesar i New Zealand på same måte som Gloppen Ungdomsskule har gjort. Lærarar, elevar, tidlegare elevar og foreldre på Gloppen Ungdomsskule burde vere veldig stolt av arbeidet sitt og resultatet.

Omsett til norsk av Erik Slagstad 9B

Vedlegg 7

Døme på fronter-arbeid i samband med geoatlasoppgåver

Oppgåver veke 3/4

1 Det er to elevbedrifter ved Gloppen ungdomsskule. a) Kva heiter dei?
Dei heiter Crazy Tomatoes og Natur, kultur og media elevbedrift.

b) Kva er forretningsideen deira? Tips: www.ue.no og klikk på Sogn og Fjordane
Crazy Tomatoes sin forretningside er: Produsere og selje ei årbok for alle elevane i tiande klasse i 05-06.

Årboka skal innehalde bl.a. bilde og omtale av alle elevane i tiande klasse gjennom alle tre åra på Gloppen ungdomsskule.

Vi skal også produsere informasjonsmateriell som skulen treng, t.d. skulen si informasjonsbrosjyre.

Natur, kultur og media elevbedrift sin forretningside er

Nytte kunnskapane våre i naturfag, norsk, engelsk, forming, lokalhistorie og IKT til å selje:

- Artiklar/hefte på norsk og engelsk til lokalavisa, andre media og turistnæringa.

- Vere med på å bidra med tekst, bilde, teikning, lyd og video til fjellatlas prosjektet(nettbasert natur- og kulturformidling)

c) Kva heiter styret for bedriftene?

Styret for Natur, kultur og media elevbedrift er: Matias Urke Myklebust, Ane Bergliot Oftedal, Anders Kvile og Jens Gule.

2 a) Kva heiter dei frå 8c som har skrive artiklar til fjellatlas? Tips: trykk avansert søk og skriv inn 8c som forfattar

Dei heiter Matias Urke Myklebust, Nicolay mundal, Edvard Aske, Siri Kristiansen Byrkjedal og Ane Bergliot Oftedal

b) Kva artiklar har dei skrive?

Dei har skreve om svartbak, skjor, bjørkfink, jordrøyk og Grankorsnebb.

3 a) Kva fuglar held svartbaken seg ofte saman med?

Den held seg ofte saman med skarven.



Skarv

b) Kvifor?

Fordi den eter ein del av det skarven gulpar opp.

[Her er eit bilet av ein Svartbak](#)

4 Kva slag yrkesgruppe i Gloppen kjenner godt til Jordrøyk?

Bonden kjenner godt til jordrøyk fordi den veks på bøndene.

Gloppefjorden




Foto: Matias Urke Myklebust 9c 2007